



Vår og kjærleik var tema på Røyserett for Alle sin vårkonsert i går.

Med vårsongane Vårsøg av Sommero, Kommer nå av Stein Ove Berg og Danse mot vår (Løvland) fekk vi alle ei vårkjensle på konserten i Helgheim i går, og det med ein temperatur ute på under 10 grader. Tema var vår og kjærleik og musikken var i store trekk henta frå renessansetida og frå 1960 talet. Mange av låtane var nytt stoff på repetoaret.

Musikkgruppa Amigos med solist Leif Inge Heimvik var gjester på konserten. Gruppa tel sju artistar. Musikalsk leiar er Kjell Skarsfjord. Heimvik er alltid like trygg og sikker i sine framføringar. Lillebjørn Nilsen stod på programmet med songane Katrine, Katrine og En himmel full av stjerner. Han bind det heile saman med diktlesing og med humor, noko publikum set pris på.

Røyserett for Alle med sin musikalske leiar Maria Malmsten må seiast å vera eit kvinneherskor. Av 24 songarar i går talde vi heile 14 aktive medlemmer frå andre bygder. Koret har med andre ord lukkast med å samla koristar frå ulike deler av kommunen. Både det musikalske og det sosiale aspektet er viktig for å få dette til.



Musikkgruppa Amigos med solist Leif Inge Heimvik på scenen i Helgheim.

Røysterett for Alle syng godt med god klang og jevn fordeling på stemmene. Det å stå fram med 10 songar, mange nye, utan tekst og notar er i seg sjølv ein prestasjon. Med Lev vel så vil eg seia (Hallingvise), arrangert av komponisten og organisten Thomas Beck, gjekk alle nøgde heim.

Neste møte med Røysterett for Alle er alt på 17. mai. Haustprogrammet er i boks, så vi har mykje musikalsk å sjå fram til i Uskedalen.

Tekst/fot/nett: Kristian Bringedal



Maria Malmsten kan meir enn å vera dirigent. På vårkonserten var ho like godt både akkompagatør,dansar og solist.

